

Desse møtte: Elise Schalla Haugsjå, Mette Valle Haugstøyl, Håkon A Matre, Anna Jablonska, Paul-Willy Setane, Marius Vøllestad, Kristina Kihle-Vik og Karin van Zijp

- Neste gong skal Theresa Viddal eller ein annan frå FAU også møte.
- Skulen har jobba mykje med nulltoleranse mot mobbing. Det vert arbeidd kontinuerleg med dette. Det er viktig å få informasjon frå elevar, føresette og tilsette dersom mobbing eller trakassering skjer. Rektor eller lærarar skal ha beskjed om ubehagelege hendingar.
- Neste møte blir mandag 21. november kl. 16.00-19.00. Tredje møte blir 30. januar kl. 16.00-19.00. Fjerde møte blir 24. april kl. 16.00-19.00.
- Elevane tykkjer at skulestarten i år har gått bra. Det har vore svært positivt med gratis mat i kantina for ungdomsskulen. Elevane får vera med å kome med innspel til menyen. Me vonar at mellomtrinnet også får vera med på ordninga etter kvart.
- Dersom mobbing skjer, har skulen tydelege rutinar om vidare oppfylging av sak/elev.
- Det er ynskjeleg å revidere ordensreglementet ved skulen. Reglementet bør vera godt begrunna. Det er fint om det blir arbeidd med reglementet dette året, for så å bli presentert neste skuleår.
- Status for skulebygget og skuleplassen, ombygging, vert presentert av Marius. Under utbygginga skal det leigast skulebrakker til å ha undervisninga i.
- Me har nullvisjon om drepne og skadde ved bruk av motoriserte køyretøy i Vest-Telemark. Det skal ikkje vera bilar, berre buss, i «rundkøyninga» ved småskulen. Elevane MÅ ha setebeltet på når dei sit i bussen.
- Trafikkopplæringsplanen, revidert og godkjend, er tilpassa fagfornyinga.
- IKT-planen for barnehagane og skulane i Nissedal kommune er revidert og godkjend. Me vonar at alle elevar etter kvart skal få sin eigen PC. Planen er at 8. klasse skal få heilt nye PC-ar til neste skuleår. Alle klasserom skal ha digital tavle. Elevane skal ha moglegheit til å byte ut læringsbretta sine dersom dei er blitt for gamle.

- Visma er blitt bra implementert hjå oss. Dei føresette er blitt gode til å nytte denne plattformen. Timeplanen kjem etter kvart på Visma.

Møtet slutt kl. 17.40

Referent, Karin van Zijp